

Arkivnr: 2014/278-66  
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørge

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		15.05.2019
Fylkesutvalet		29.05.2019

**Bestillingstransport - moglegheitstudie****Samandrag**

Bakgrunn for saka er oversendingsforslag frå Synnøve Solbakken (A) til fylkesrådmannen om ei politisk sak om «bestillingsbuss i Hordaland».

I 2018 gjennomførte Skyss ei utgreiing som oppsummerer erfaringar med bestillingstransport frå ulike delar av landet, inklusive erfaringar frå pilotprosjektet som Skyss gjennomførte på Voss i 2014-2015. Med bakgrunn frå denne utgreiinga har Skyss gjennomført ein moglegheitstudie for ein pilot for utprøving av bestillingstransport i Hordaland. Inspirasjon er henta frå HentMeg, som er bestillingstransportløysinga som vert testa ut i Sauda i regi av Kolumbus. Moglegheitstudiet er gjennomført i samarbeid med Tide Buss AS, som er dagens operatør i kontraktsområda Hardanger/Voss og Sunnhordland. Utgangspunktet har vore at begge partar ønskjer å byggje erfaring og læring med nye mobilitetsløysingar som er tenlege i område med låg etterspurnad og avgrensa kollektivtilbod.

Studiet peikar på Odda som eit godt eigna område for ein pilot for bestillingstransport. Fylkesrådmannen meiner at eit prosjekt med utgangspunkt i løysing lik HentMeg vil gje nyttig læring til utvikling av framtidige mobilitetsløysingar, og som vil vere relevant både for by og distrikt i nye Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen legg til grunn at operatør ikkje skal tene på at ein set i verk bestillingstransport som del av gjeldande kontrakt. Eventuelle meirkostnadar må dekkast innanfor gjeldande budsjett. Vidare rår fylkesrådmannen til at ein nyttar eksisterande takstar og billetteringsløysingar i ein slik pilot.

**Økonomi:** Eventuelle kostnadar skal dekkjast gjennom gjeldande budsjett

**Klima:** At fleire nyttar kollektivtransport framfor privatbil vil ha ein positiv effekt på klima og miljø

**Folkehelse:** Kan potensielt bidra til at fleire kan delta i fritids- og nærmiljøaktivitetar med innverknad på fysisk og mental helse

**Regional planstrategi:** Regional transportplan og Kollektivstrategi for Hordaland

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet rår til å i verksette ein pilot for bestillingstransport i Odda, liknande HentMeg i Sauda
2. Kostnadane med pilotprosjektet må dekkjast innanfor gjeldande budsjett.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 24.04.2019

### Bakgrunn for saka

Synnøve Solbakken (A) har i mars i år sendt følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ønskjer ei sak til behandling av «bestillingsbuss» ute i distriktet i Hordaland. Nokre kommunar kan viser til god erfaring med bestillingsbuss – det vil vera eit kollektivtilbud til dei som ikkje har bil, sertifikat og mulegheit for å komma til sentrum/servicetenester, det gjeld spesielt eldre menneske som har eit behov. Behova vil vera ulike frå kommune til kommune.»

Kollektivstrategi for Hordaland peikar på at der det ikkje er grunnlag for ordinær rutegåande transport vil ein vurdere fleksible løysingar for kollektivtrafikken, som til dømes bestillingsbasert køyring. I 2014-2015 vart det gjennomført eit pilotprosjekt for bestillingstransport på Voss, og i 2018 har Skyss gjennomført ei utgreiing som oppsummerer erfaringar med bestillingstransport frå ulike delar av landet, inklusive erfaringar frå pilotprosjektet på Voss. Rapporten frå arbeidet (Bestillingstransport – erfaringer og muligheter, 2018) ligg på [www.skyss.no/rapportar](http://www.skyss.no/rapportar).

Utgreiinga som vart gjort i 2018 har gitt viktige innspel til korleis bestillingstransport kan testast ut vidare i Hordaland. Skyss har nyleg gjennomført ein moglegheitstudie for utprøving av bestillingstransport i Hordaland. Arbeidet er gjort i samarbeid med Tide Buss AS, som er dagens operatør i kontraktsområda Hardanger/Voss og Sunnhordland. I denne saka vil fylkesrådmannen gi ein kortfatta gjennomgang av moglegheitstudiet og anbefalingar om vidare oppfølging.

### Moglegheitstudie

#### *Om studiet*

Føremålet med studiet har vore å sjå på bestillingsløysingar som ein offentlig open transportløysing, som kan gi eit transporttilbod til innbyggjarane i områder der det ikkje er hensiktsmessig å opprette eller oppretthalde rutebasert kollektivtransport. Pilotprosjektet HentMeg i Sauda dannar viktig grunnlag og inspirasjon for arbeidet.

Moglegheitstudiet er gjennomført som eit samarbeid mellom Skyss og Tide Buss AS, der utgangspunktet har vore at begge partar ønskjer å byggje erfaring med bestillingstransport. Skyss ser det som mest tenleg å kunne teste ut bestillingstransport som del av gjeldande kontraktar. Juridiske vurderingar er gjort med omsyn til å gjennomføre eit eventuelt pilotprosjekt i samarbeid med operatør, innanfor gjeldande kontrakt.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå begge partar har stått for sjølve utarbeidinga. Arbeidet er gjennomført over ein konsentrert periode – frå februar til april 2019. Arbeidsgruppa har rapportert linjeveg i respektive organisasjonar, og har nyleg levert si anbefaling om vidare oppfølging.

#### *Bestillingsløysingar*

Utgreiinga frå 2018 gir ei oversikt over ulike type bestillingstransportløysingar, og konkrete løysingar og erfaringar frå Østfold, Trøndelag, Finnmark og Oslo/Akershus. Bestillingstransport er per i dag i stor grad eit tilbod retta mot område med låg etterspurnad etter kollektivtransport. Det er likevel stor variasjon i ulike løysingar av bestillingstransport, noko også rapporten frå 2018 viser. Variasjonane går mellom anna på type bestillingspunkt og –løysing for kundane si bestilling av turar, type køyretøy, faste eller fleksible ruter/rutetider, grad av samordning med til dømes skuleskyss, samt kontraktsform.

Eit vesentleg skilje går mellom bestillingstransport basert på faste ruter (trasé/tider), og løysingar som inneber såkalla dynamisk ruteplanlegging. Det siste vi seie at rutene vert til ut frå dei turane kundar bestiller. Med hjelp av algoritmar kan ein optimalisere køyringa slik at flest mogleg kan nytte heile eller delar av turen. Dette er teknologi som byrjar å bli moden nok til å fungere godt i praksis. HentMeg i Sauda i regi av Kolumbus er ein pilot som fleire no ser til, og som baserer seg på dynamisk ruteplanlegging. Andre kollektivselskap skal teste ut liknande pilotar med HentMeg, i Bodø, Kongsberg og Telemark.

Moglegheitstudie har tatt utgangspunkt i følgjande overordna føringar for krav til løysingar:

- Ein skal kunne reise «nær frå der ein er til nær der ein skal»
- Ein skal kunne bestille reisa kort tid før reisa, omlag ein halv time
- Det skal vere kollektivtransport, og det skal leggjast til rette for samkøyring
- Det skal vere universell utforming på køyretøyet

Med grunnlag i desse føringane og erfaringane med løysinga frå Sauda, har studiet landa på ei anbefaling om å gå vidare med bestillingstransport basert på dynamisk ruteplanlegging liknande HentMeg.

#### *Val av område*

I moglegheitstudiet har ein fokusert på områder som er passeleg stort, som har eit konsentrert sentrum, med passende avstandar, avgrensa rutetilbod samt områda sin demografi. Ein har sett særleg på tre områder – to på Bømlo og eitt i Odda kommune. Det er gjennomført møter med kommunane og interessegrupper, og tilbakemeldingane frå møta har vore svært positive med omsyn til å teste bestillingstransport ut i kommunane. Passasjerdata, befolkningsdata og geografiske omsyn har vore viktig underlag for å velje ut område. Anbefalinga frå moglegheitstudiet er å gå vidare med Odda som pilot, med ei geografisk avgrensing kring Odda sentrum. Primær målgruppe er born og ungdom og deira tilgang til fritidsaktiviteter i Odda, samt eldre med omsyn til å nå ulike tenestetilbod på dagtid.

I ein pilotfase er anbefalinga å trekke ned produksjonen på dagens lokale ruter i tidsromma der bestillingstransporten vil gjelde. Dette er praksis i Sauda, og erfaringa der viser at dette ikkje har vesentleg innverknad på kostnadane.

#### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Gjennom erfaringsrapporten frå 2018 og moglegheitstudiet har Skyss opparbeidd viktig kunnskap for å gjennomføre ein ny pilot for bestillingstransport i Hordaland. Odda vil vere eit godt eigna område for ein slik pilot. Fylkesrådmannen meiner at eit prosjekt med utgangspunkt i konseptet til HentMeg vil gje nyttig læring til utvikling av framtidige mobilitetsløysingar, og som vil vere relevant både for by og distrikt i nye Vestland fylkeskommune.

Før oppstart vil det vere ei rekkje avklaringar som må gjerast med omsyn til omfang på tilbodet, val av løysing for dynamisk ruteplanlegging, val av bestillingspunkt og –løysing ut mot kundane, samt kostnadsbehov. I tillegg til eventuelle kostnader til ruteproduksjon må det reknast kostnadar knytt til kjøp/leige av lisens for naudsynt vertkøy for dynamisk ruteplanlegging, samt mellom anna ekstra marknadsføring.

Når det gjeld økonomiske omsyn legg fylkesrådmannen til grunn at operatør ikkje skal tene på at ein set i verk bestillingstransport innanfor gjeldande kontrakt. Eventuelle meirkostnadar må dekkast innanfor gjeldande budsjett. Vidare rår fylkesrådmannen til at ein nyttar eksisterande takstar og billetteringsløysingar.

Tilbodet bør utformast slik at ein i størst mogleg grad unngår å komme i konkurranse med ordinær drosjeverksemd i området.